Vellukka Vampkonsert på Øye

Tysdag og onsdag førre veke spelte Vamp for om lag 1.000 ivrige tilskodarar i hagen ved Hotel Union Øye.

Sola skein, det var fullt hus og god stemning under begge konsertdagane. Hotelldirektør, Mariann Øye-Mork, var redd for om dei skulle klare å få det til, då dei aldri hadde gjort noko slikt før. Heldigvis var det heile ein suksess, og både gjestar, arrangørar og musikarar var einige i at det var eit vellukka arrangement.

** Mykje publikum hadde funne vegen til Hotel Union Øye på Vamp-konsert. Foto: privat.*

** Hotelldirektør Mariann Øye-Mork og staben hennar framfor scena på Øye. Det var god stemning då Vamp spelte. Foto: privat.*